

UTVIKLINGSPLAN

ROGNE VIDAREGÅANDE SKULE

2016-2017



INNLEIING

Rogne vidaregåande skule ønskjer å vere ein skule der den enkelte elev trivst og blir inkludert i eit godt læringsmiljø. Vi ønskjer å vere ein skule som er berar av ein lang skulekultur innan fagområdet Helse- og oppvekstfag, men samstundes evne å ta aktivt del i utviklinga av ein framtidsretta skule.

Skuleåret 2016/17 er siste året Rogne er en eigen skule. Skuleåret 2017/2018 vert skulen ein del av Nye Voss gymnas.

VISJON

Ein framtidsretta skule. Rogne vidaregåande skule skal vere ein skule som fokuserer på eleven si læring og fullføring, gjennom systematisk, framtidsretta utviklingsarbeid og nye læringsstrategiar.

PEDAGOGISK PLATTFORM

Skulen arbeider etter grunnleggjande prinsipp som mellom anna er nedfelt i Læringsplakaten:

- Stimulere og vidareutvikle den enkelte lærar sin kompetanse
- Stimulere eleven sin lærelyst, vitelyst og evne til kritisk tenking
- Skape eit trivselskapande læringsmiljø
- Legge til rette og gjennomføre elevmedverknad
- Skape og halde vedlike eit godt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing og bygge gode relasjonar i skolemiljøet

PROSESS

Utviklingsplanen tar utgangspunkt i følgjande dokument:

- *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018*
- *System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane*

Utviklingsplanen med tiltaksplan skal vere eit verktøy som stakar ut ei utvikling i rett retning. Den årlege prosessen i kollegiet og elevrådet, med avslutningsvis revisjon, bidreg til ei auka systematisering av utviklingsarbeidet ved skulen. Gjennom møtearenaer gjennom året, både i kollegiet og i leiargruppa, har planane vore på agendaen. I september vart tiltaksplanen evaluert og revidert i plenum. I tillegg er dei tillitsvalde sikra medråderett undervegs. All tilbakemelding er vidareformidla i plenum, og endringar for kommande skuleår er nedfelt i revidert tiltaksplan.

UTVIKLINGSMRÅDE

Hovudmål for Rogne vidaregåande skule: Auka læringsutbytte og fullføring.

1 Vurdering

1.1. Gi konstruktive tilbakemeldingar som fremjar læring

Lærar må vite kva eleven har forstått /ikkje forstått og bruke dette til å tilpasse undervisninga og auka læringsutbytte for eleven.

Vi skal arbeide med å gje gode framovermeldingar gjennom heile skuleåret.

I følgje Engelsen m.fl., er den beste tilbakemeldinga den som tar utgangspunkt i eleven sitt arbeid, kvaliteten på dette og kva konkret som må gjerast for at ei forbetring skal skje. Forsking viser at det som gir minst effekt på læring er ros, belønning og straff ¹

Lærerens kompetanse slik den kommer til uttrykk i samspillet mellom lærer og elev er det viktigste i opplæringen som kan fremme elevenes læring. ²

Forskerne viser at begrepet underveisvurdering har blitt konkretisert og at både lærere og foreldre har fått større klarhet i hva underveisvurdering skal være. Lærerne opplever denne endringen som positiv. ... Den viktigste endringen er det forskerne kaller økt formalisering av vurderingsarbeidet. Med økt formalisering mener forskerne at lærerne er tydeligere i måten de tenker og praktiserer vurdering på. De kommuniserer mål og vurderingskriterier og gir elevene faglige tilbakemeldinger og informasjon om hvordan de kan forbedre sin kompetanse. ³

Lærarane er i ein kontinuerleg prosess når det gjeld vurderingsarbeidet. Dette skal vere sak på både personalmøte og avdelingsmøte.

1.2. Eleven skal få opplæring slik at dei skal delta aktivt i vurderinga av eigen kompetanse, eige arbeid og eigen fagleg utvikling

Jfr § 3-12 i Forskrift til Opplæringslova. Eleven skal få ei forståing for kva forventningar som ligg bak kvar karakter.

Ved å vurdere eget arbeid og egen fremgang, får elevene innsikt i hva de skal lære og hva de mestrer, i tillegg til hvordan de lærer. Gjennom egenvurdering skal elevene selv, utfordret og støttet av læreren, lære seg å lære. ⁴

For at eleven skal auke evna si til sjølvstendig læringsarbeid, er det i følgje Hattie og Timperley seks punkt som er avgjerande:

- *Eleven si evne til å gi seg sjølv feedback*

¹ Engelsen/Eide/Meling. Er ”kjempebra” godt nok?, HSH, 2009, s 10

² St.mld. nr 31, Kvalitet i skolen, Kunnskapsdepartementet, s 26

³ Vurdering under Kunnskapsløftet, NF-rapport 17/2010

⁴ Vurdering på ungdomstrinnet og i videregående opplæring. Utdanningsdirektoratet, februar 2010, s7

- *Eleven si evne til sjølvvurdering og til å utvikle kognitive strategiar*
- *Eleven sin motivasjon til å søke feedbackinformasjon og bruke denne informasjonen*
- *Eleven si tru på i kva grad den feedback han får er rett*
- *Kven eller kva eleven tilskriv årsaka til at ei oppgåve vart rett eller feil*
- *Eleven sine ferdigheter i høve til det å søke hjelp.⁵*

Desse punkta understrekar ein aktivitet frå eleven si side, og den enkelte faglærar må spore til denne aktiviteten og bevisstgjeringa vil skje.

1.3 Gjennom leseprosjektet «Lesing i alle fag» har lærarane fått nye strategiar til å auke elevane sitt læringsutbytte og desse vil vi halde fram med å bruke.

2 Fullføring

2.1 Alle elevane ved Rogne vidaregåande skule skal fullføre opplæringa og oppnå kompetanse.

Vi må gjere det tydeleg for elevane at tilbake – og framovermelding blir gjevne munnleg i det daglege arbeidet i klasserommet og på verkstaden.

For at elevene skal oppleve faglig fremgang og mestring, må de møtes med høye og realistiske forventninger til hva de skal få til, og lærerne må kunne formidle til elevene hva de trenger å jobbe mer med for å bli bedre.⁶

Tilbakemeldinger underveis i opplæringen, dvs. tilbakemeldinger som er ikke-evaluende, støttende, spesifikke og blir gitt i situasjoner hvor arbeidet pågår, er et av de mest effektive virkemidlene for å heve elevenes læring.⁷

3 Klasseleiing

Skuleåret 2016/17 skal Rogne vidaregåande skule ha eit særskilt fokus på klasseleiing.

Vi vil halde fram med firkantmøte der elevane gjennom klassen sine tillitselevar kan ta opp saker som omhandlar klassen. På desse møta møter to tillitselevar, kontaktlærar og avdelingsleiar. Elevane skriv referat med kopi til rektor.

Vi utarbeider klasseregler- «Ja –reglar» på korleis vi vil ha det i klassen , og vil arbeide for fellesreglar for alle

Vi vil og ha fokus på fråversreglementet og skape sams oppfatning av dette

⁵ Engelsen/Eide/Meling. Er ”kjempebra” godt nok?, HSH, 2009, s 8

⁶ St.mld. nr 31, Kvalitet i skolen, Kunnskapsdepartementet, s 22

⁷ St.mld. nr 31, Kvalitet i skolen, Kunnskapsdepartementet, s 30

Klassemiljøet vil bli teke opp på elevrådsmøter og på avdelingsmøter og der vi vi prøve å fange opp mistrivnad/ dårlig klassemiljø. Det skal også vere tema på klasselærarmøta.

Utviklingsplanen for 2016-17 vart lagt fram for kollegiet i september.
Planen skal også bli presentert for elevrådet i september/oktober

Underveis i skuleåret, vil tiltak bli evaluerast ut frå tidspunkt nemnt i tiltaksplanen.

Voss september 2016

Astrid Holtekjølen
Rektor